



TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Avdeling for areal og transport

Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Ref. 201307741-2

Vår ref. 14/1248-2
S11/LTOR

Dato 23.06.2014

Svar - Søknad om løyve til overføring av Espelitjønn til Tokke kraftverk

Vi viser til oversending frå NVE dagsett 28.03.2014 der fylkeskommunen er førespurt pm å gje førehandsfråsegn i samband med søknad om løyve til overføring av Espelitjønn til Toke kraftverk.

Søknaden skal handsamast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 6.

Vi har følgande vurderingar av søknaden vurdert opp mot sektorlovgivinga og opp mot kjente allmenne interesser som kan bli råka:

Omsyn til automatisk freda kulturminne


Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaksområdet som omfattast av konsesjonssøknaden. Vi vurderer det også som mindre sannsynleg at tiltaket vil få følger for ikkje kjende, automatisk freda kulturminne, og har difor ingen innvendingar mot tiltaket.

Vi vil likevel gjere særskilt merksam på *meldeplikta* etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Område rundt Espelitjønn har en rik kulturhistoria med funn av automatisk freda kulturminne. Meldeplikta oppstår når det blir oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjent på førehand. Føresegna legg eit klårt ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje blir skada. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding. Om det blir påvist automatisk freda kulturminne er det Riksantikvaren som avgjer om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det.

Meldeplikta skal innarbeidast i fellesføresegnene til reguleringsplanen. Vi tilrår at følgjande tekst brukast:

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndigheitene avgjer snarast mogleg – og seinst innan 3 veker – om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd).

Med helsing



Torbjørn Landmark

rådgjevar

torbjorn.landmark@t-fk.no

Sakshandsamarar: Torbjørn Landmark, Anund Johannes Grini, Lise Loktu

Kopi: Fylkesmannen i Telemark, Mva. Postboks 2603, 3702 Skien.